

Innkalling

Utval: Giske kontrollutval
Møtestad: Giske rådhus, kommunestyresalen
Dato: 13.02.2025
Tidspunkt: 13:30

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare beskjed frå sekretariatet.

Sakliste

PS 01/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 02/25 Orienteringar
OS 01/25 Orientering om barnevernstenesta
PS 03/25 Revisor sin rapport frå interimkontroll 2024
PS 04/25 Revisor si risikovurdering før forenkla etterlevingskontroll 2024
PS 05/25 Undervegsrapport frå undersøking innan byggesaksforvaltning
PS 06/25 Bestilling av forvaltningsrevisjon 2025 -
personalressursforvaltning innan helse og omsorg

PS 07/25 Meldingar og skriv
MS 01/25 Førespurnad rundt investering og oppstart Vigra barneskule
MS 02/25 Førespurnad om basen Valderøy skule
MS 03/25 Melding om vedteken Plan for eigarskapskontroll 2024-2027
MS 04/25 Om valbarheitsreglar for kontrollutval
MS 05/25 Protokoll frå Attvin AS

Ålesund, 06.02.2025

Kåre Harald Sæter
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 01/25	Giske kontrollutval	13.02.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Giske kontrollutval - 21.11.2024

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 02/25 Giske kontrollutval

Møtedato
13.02.2025

Orienteringar

Underliggende saker

01/25 Orientering om barnevernstenesta

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
OS 01/25	Giske kontrollutval	13.02.2025

Orientering om barnevernstenesta Giske kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringa om barnevernstenesta i Giske kommune til vitande.

Bakgrunnsinformasjon for orienteringa:

Kommunedirektøren er invitert for å gje ei orientering om status i barnevernstenesta for Giske kommune.

Det vart i haust lagt fram for kommunestyret ein tilstandsrapport for 2023, om barnevernstenesta i Giske kommune. Den kan vere eit godt utgangspunkt for orientering, men det er nyttig for kontrollutvalet å få kjennskap til status i dag, på dei utfordringane som kom fram i denne tilstandsrapporten. Og få orientering om der er andre utfordringar knytt til barnevernstenesta, enn denne rapporten tek opp.

Vedlegg

Tilstandsrapport barneverntenesta 2023 Giske kommune.pdf

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 03/25 Giske kontrollutval

Møtedato
13.02.2025

Revisor sin rapport frå interimkontroll 2024 Giske kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek rapporten frå revisor til vitande.


Bakgrunnsinformasjon:

Revisor har eit sjølvstendig og fagleg ansvar for å revidere årsrekneskapen og årsmeldinga til kommunen, i samsvar med lover, føresegner og god kommunal revisjonsskikk.

Årsrekneskapen skal reviderast før den vert lagt fram for handsaming i kommunestyret, og kontrollutvalet skal gje sin uttale.

I tillegg til revisjon av årsrekneskapen til kommunen, vil oppgåvene til revisor omfatte ei rekkje attestasjonar, som til dømes kompensasjon av meirverdiavgifta til kommunen. Interimrevisjon er den revisjonen som blir gjennomført for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som føresett gjennom året.

I interimrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område. Revisor skal gjennom sine kontrollar gje ein tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien og bruken av midlane.



Vurdering:

I kontrollutvalet sitt møte 13.02.2025 vil oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram, gje kontrollutvalet ei oppsummering av interimsrevisjon 2024.

Revisor si oppsummering kan gje kontrollutvalet informasjon om at revisjonen går etter planen, og sikre at kontrollutvalet vert informert om viktige forhold som vert avdekt. Dersom der er avdekt manglar ved den økonomiske interimrevisjonen, så bør kontrollutvalet undersøke med revisor om desse funna er av ein slik grad, at dei fører til eventuelle endringar for revisjonsplanen av årsrekneskapan 2024.

Vedlegg

Rapport frå interimkontroll 2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 04/25	Giske kontrollutval	13.02.2025

Revisor si risikovurdering før forenkla etterlevingskontroll 2024 Giske kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek til vitande informasjon om revisor si vurdering av risikoområder for forenkla etterlevingskontroll 2024 og støttar revisor sitt val av området "Vidare utlån – Startlån".

Bakgrunnsinformasjon:

Gjennom ein forenkla etterlevingskontroll skal revisor bidra til å sikre at kommunen følgjer reglar og vedtak for økonomiforvaltninga innan eit avgrensa område. Arbeidet skal byggje på ei vurdering av risiko og kva som er viktig, og vurderinga skal leggjast fram for kontrollutvalet.

Innan 30. juni skal revisor gje ein skriftleg uttale til kontrollutvalet, om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen.

Revisor nyttar eit standard rammeverk og internasjonale revisjonsstandardar ved utføring av forenkla etterlevingskontroll.

Forenkla etterlevingskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjonen, men kan sjåast på som eit supplement.

Målet med kontrollen er å bidra til å førebygge og avdekke alvorlege feil og manglar i viktige delar av økonomiforvaltninga, som ikkje alltid blir kontrollert i den finansielle revisjonen.

For kontrollutvalet sin del er ansvaret avgrensa til å sjå etter at den vert gjennomført, og halde seg orientert om resultatet. Det er ein del av kontrollutvalet si påsjå-rolle.

Vurdering:

Det er revisor som avgjer kva område som skal kontrollerast gjennom ein forenkla etterlevingskontroll. Revisor identifiserer område i økonomiforvaltinga der det er størst behov for at føresegner og vedtak blir følgde, avhengig av kva konsekvensar manglande etterleving kan få.

Revisor vil i møtet 13.02.2025 presentere si vurdering av risiko- og vesentlegheit. Denne gir grunnlag for dialog mellom revisor og kontrollutval om kva revisor vil og bør følgje opp. Kontrollutvalet kan gje innspel til vurderinga, men det er revisor som gjer det endelege valet av område.

I revisor si risiko- og vesentlegvurdering er det tatt med ei oversikt over kva områder det har vore forenkla etterlevingskontroll på i Giske kommune dei siste åra.

Heimelsgrunnlag:

- Kommuneleva § 24-9
- RSK 301 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen

Vedlegg

Risikovurdering forenkla etterlevingskontroll 2024

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 05/25	Giske kontrollutval	13.02.2025

Undervegsrapport frå undersøking innan byggesaksforvaltning Giske kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå forvaltningsrevisor til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

I kontrollutvalet gjorde i sitt møte i november følgjande vedtak i sak 26/24:

- Giske kontrollutval bestiller ei undersøking av byggesaksforvaltninga i Giske kommune og ber Møre og Romsdal Revisjon SA om å utføre denne på bakgrunn av saksframlegget og drøftinga i utvalet.
- Ressursramma for undersøkinga er inntil 150 timer og kontrollutvalet ber om at rapporten vert levert sekretariatet seinast 10. mars 2025.
- Utvalet ber sekretariatet halde den løpande dialogen med revisjonen, slik at utvalet kan bli orientert om status på sitt første møte i 2025.

Vurdering:

Med bakgrunn i siste kulepunkt i vedtaket, vil oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Ingrid Walstad Larsen gje kontrollutvalet ein statusrapport frå arbeidet med undersøking av byggesaksforvaltning i Giske kommune.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 06/25	Giske kontrollutval	13.02.2025

Bestilling av forvaltningsrevisjon 2025 - personalressursforvaltning innan helse og omsorg Giske kommune

Sekretariatet si innstilling:

Giske kontrollutval ber sekretariatet om å bestille ein forvaltningsrevisjon på personalressursforvaltning innan helse og omsorg i Giske kommune.

Bestillinga går til Møre og Romsdal revisjon SA, og vi ber om at dei legg fram ein prosjektplan til neste møte i kontrollutvalet.

Prosjektplanen skal innehalde:

- bakgrunn og føremål
- problemstillingar
- revisjonskriterie og metode
- tidsplan
- forventa ressursbruk

Bakgrunnsinformasjon:

Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. Det er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.

I kommunelova § 23-3 første ledd blir forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Giske kommunestyre har vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon for 2024-2027, med følgende prioriterte fokusområde:

1. Personalressursforvaltning innan helse og omsorg
2. Bruk av innsatstrappa og struktur innan helse og omsorg
3. Giske kommune sin bruk av interkommunale samarbeid

Vurdering:

Kontrollutvalet må drøfte om det er ein forvaltningsrevisjon eller ein eigarskapskontroll de vil gjennomføre i 2025. I Giske kontrollutval si vedtekne budsjetttramme er det sett av ressursar til enten ein forvaltningsrevisjon eller ein eigarskapskontroll dette året.

I Plan for eigarskapskontroll 2024-2027 er det lagt som føresetnad at eigarskapsmeldinga skal reviderast og vedtakast før ei slik kontrollhandling. Derfor tilrår sekretariatet at eigarskapskontroll ikkje vert prioritert no, men at kontrollutvalet heller set i bestilling ein forvaltningsrevisjon.

Ut frå Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 er det personalressursforvaltning innan helse og omsorg som er området som er prioritert først.

Kontrollutvalet har fått mynde til å endre denne prioriteringa, på bakgrunn av endra risiko eller ny vurdering av kva som er vesentleg.

Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 er nyleg vedteken, og det er vel lite som talar for at den vurderinga av risiko- og vesentlegheit som vart lagt til grunn for prioriteringane i planen, er endra allereie no.

Sekretariatet vil derfor råde kontrollutvalet til å bestille ut frå denne prioriteringa i planen.

Grunnlaget for val av dette område i risiko- og vesentlegvurderinga, finn ein omtalt på sidene 39-43 i den vedlagte rapporten.

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjonen innan dette området kan vere:

- Nærvær/fråværsarbeid
- Heiltid/deltid
- Rekrutterings- og kompetanseutviklingsprosessar
- Oppgåvegledning mellom faggrupper, samarbeid med interne/eksterne aktørar


Kontrollutvalet bør drøfte og prioritere/velgje ut kva vinkling utvalet ynskjer at forvaltningsrevisjonen skal ha, og gjere nokre avgrensingar. Utvalet bør ha i tankane kva ein tenkjer vil ha størst verdi for kommunestyret og for kommunen sitt forbetningsarbeid innan området.

No i bestillerfasa er det ganske ope, og kontrollutvalet kan legge premissane og retninga for sjølve forvaltningsrevisjonen. Det vil vere særns nyttig for den som skal lage prosjektplanen om kontrollutvalet kjem med innspel og kan gjere bestillinga tydeleg.

Etter kontrollutvalet si behandling i møtet, bestiller kontrollutvalsekretariatet ei skisse til prosjektplan hjå Møre og Romsdal revisjon SA. Prosjektplanen bør ha med forslag til bakgrunn, føremål, problemstillingar, revisjonskriterium, metode og tids- og ressursbruk.

Prosjektplanen vil bli lagt fram til drøfting i kontrollutvalet på neste møte 20. mars, slik at kontrollutval og forvaltningsrevisor kan verte einige om problemstillingane og premissane før sjølve forvaltningsrevisjonen tek til.

Her er ei skjematisk oversikt over heile prosessen:



Vedlegg

Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 Giske kommune.pdf

Rapport frå risiko- og vesentlegvurdering 2024 - Giske kommune

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 07/25	Giske kontrollutval	13.02.2025

Meldingar og skriv

Underliggende saker

01/25	Førespurnad rundt investering og oppstart Vigra barneskule
02/25	Førespurnad om basen Valderøy skule
03/25	Melding om vedteken Plan for eigarskapskontroll 2024-2027
04/25	Om valbarheitsreglar for kontrollutval
05/25	Protokoll frå Attvin AS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 01/25	Giske kontrollutval	13.02.2025

Førespurnad rundt investering og oppstart Vigra barneskule Giske kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet har motteke ein førespurnad med nokre spørsmål knytt til investering og oppstart Vigra skule.

Avsendarane har fått eit svar frå sekretariatet på at førespurnaden er motteken. Og det er gjeve informasjon om kontrollutvalet sitt ansvarsområde, og om kva andre kanalar som kan vere betre egna for denne typen spørsmål.

Vedlegg

Svar på spørsmål angående oppstart av Vigra nye Barneskule

Spørsmål angående oppstart av Vigra nye Barneskule

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
MS 02/25	Giske kontrollutval	13.02.2025

Førespurnad om basen Valderøy skule Giske kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet har motteke ein førespurnad med synspunkt rundt etablering av basen ved Valderøy skule.

Avsendar har fått eit svar frå sekretariatet på at førespurnaden er motteken. Og det er gjeve informasjon om kontrollutvalet sitt ansvarsområde, og om kva andre kanalar som kan vere betre egna for slike innspel.

Vedlegg

Svar på førespurnad om base Valderøy barneskule

Førespurnad om base Valderøy barneskule

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 03/25	Giske kontrollutval	13.02.2025

Melding om vedteken Plan for eigarskapskontroll 2024-2027 Giske kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Giske kommunestyre har vedtatt Plan for eigarskapskontroll 2024-2027, i tråd med kontrollutvalet si tilråding.

Vedlegg

Plan for eigarskapskontroll 2024 - 2027 - vedtak kommunestyret

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 04/25	Giske kontrollutval	13.02.2025

Om valbarheitsreglar for kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Vedlagt er Kommunal- og distriktsdepartementet sine svar på spørsmål om reglane for kven som er valbare til kontrollutval.

Det vert mellom anna presisert at avlastar og støttekontakt er å rekne som tilsette. Og tilsette er ikkje valbare, uavhengig av stillingsstørrelse.

Og om ein person er å rekne som oppdragstakar eller tilsett, må vurderast ut frå fleire forhold sett i lys av forarbeida og rettspraksis. Om avtalen vert kalla oppdragsavtale, er ikkje avgjerande.

Så gjev dei nokre avklaringar knytt til valbarheit for personar som har verv i statlege organ, samvirkeføretak, interkommunale politiske råd og kommunale oppgåvefellesskap.

Vedlegg

Om valgbarheitsreglane for kontrollutval

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 05/25	Giske kontrollutval	13.02.2025

Protokoll frå Attvin AS

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Protokoll frå generalforsamling 26.11.2024 er lagt ved slik at kontrollutvalet kan vere kjent med dei.

Dette er eit ledd i kontrollutvalet sitt ansvar for kontroll med eigarstyring og selskap.

Vedlegg

Protokoll frå generalforsamling i Attvin 26.11.2024

Instruks for valkomiteen i Attvin AS

Orientering om arbeidet i Attvin - 26.11.2024